

Om berøring i Korona- tider -mars 2021

I disse korona-tider er berøring blitt noko farleg, noko me kan bli smitta av. I dag er det avstand som gjeld, helst to meter, og skal me berøra, må det vera innafør den kohorten me høyrer til, den aller næraste familien eller husstanden. Elles er det knyttneven, albogen eller skoen som er berøringsflate, med Covid-spriten som smitteverngarantist.

Likevel, savnar me eigentleg handtrykket, klemmen, nærleiken, ansikt til ansikt-samtalen?? Dei fleste har jo ein smart touchtelefon i dag, Iphone, Ipad, Samsung, Sony- berøring heile veien. Me berører, dagen på tamp, og natta med. På bussen, på toget, på flyet, på ferja, heime, ute, ja, over alt. Og mange, både eldre og yngre, har så sterkt berøringsbehov at dei nærast kladdar på mobilen heile tida, og enkelte tar han med i senga, må vera online, som det heiter. Det ser ut til at alle har eit kommunikasjonsbehov, eit behov for å berøra og bli berørte, og nye media har totalt revolusjonert all avstandskommunikasjon. Facetime, Skype, Teams, Zoom-me kan jo ta på ansiktet til dei me snakkar med.

Så har me Facebook og Instagram, desse digitale vennskapsmedia der me berører gamle og nye venner med ord og bilete, der me redigerer livet vårt som best me kan, og der likes eller mangel på likes styrer suksess eller fiasko, der mange berre er kikkarar, mens andre eksponerer seg og sitt som om ingenting skulle vera privat.

Pandemien har tvinga fram meir virtuell kommunikasjon, meir skjermberøring, men står me i fare for å la elektronisk berøring komma i veien for den berøring som me alle er avhengige av for å fungera som heile menneske, nemleg den gode samtalen, dei vennlege, dei trøstande, dei oppmuntrande, dei velmeinte orda ansikt til ansikt, og klippet på skuldera, handa som stryk deg over kinnet, armane som tar rundt deg, det varme handtrykket frå ein venn, og smilet i augo til dei som bryr seg om deg, som bekreftar din verdi som menneske og medmenneske.

Dette menneskelege touch-system er ikkje å få kjøpt for pengar, men må dyrkast fram i fellesskap. Å vera medmenneske er ikkje noko me er utan vidare, men noko me heile tida må kjempa for å bli. Det er ikkje nok å vera online på berøringsmobilen heile tida. Me må og vera online i vårt eige liv. Difor kjem me stadig tilbake til Hans Børli sine ord:

”Ett er nødvendig
i denne vår vanskelige verden
av husville og hjemløse.
Å ta bolig i seg selv.
Gå inn i mørket,
tørke sotet av lampen
så mennesker langs veiene

kan skimte lys i dine bebodde øyne.”

Det er dette både vennskap og nestekjærighet handlar om - me må vera til stades i eigne liv for å kunna vera til stades i andre sine liv på ein god måte.

Og dette krev ein innsats. Me må heile tida pussa og gnikka så ikkje sot og slagg gjer huset vårt mørkt, forvrengrer synet vårt, formørkar livet vårt og lammar oss i det me er tenkte å vera, medmenneske.

Det virtuelle livet kan aldri erstatta det verkelege, og skjermen sitt lys blir berre ein bleik skugge av det lyset auga utstrålar.

bita